

REIULF RAMSTAD ARKITEKTER AS
Josefines gate 7
0351 OSLO

Vedtak om dispensasjon og vilkår - Skaltaket - Odda smelteverk - Ullensvang kommune - gnr 59 bnr 128 - oppføring av bygningar og konstruksjonar under Skaltaket

Vi viser til søknad av 8. november 2021, med vedlagt revidert skisseprosjekt av 5. november 2021, om dispensasjon frå freding av Odda smelteverk, skaltaket, Askeladden ID 127142-3, gnr. 59 bnr. 128, Ullensvang kommune, Vestland fylke. Det vert søkt om dispensasjon etter kulturminnelova § 15a for tilrettelegging for fjellheis, hotell og aktivitetar ved å reise nye bygg under skaltaket.

Vedtak

Vestland fylkeskommune gjer vedtak om dispensasjon etter kulturminnelova § 15a til oppføring av bygg under skaltaket, med utforming, materialbruk, fotavtrykk og høgder som vist i revidert skisseprosjekt av 5. november.

Vilkår

- Detaljutforming av alle bygg og konstruksjonar som skal oppførast under skaltaket skal godkjennast av Vestland fylkeskommune.
- Fundamenteringar må ikkje påverke transportbandet i kjellar/kulvert, eller opplevinga av transportband i kjellar, vesentleg.
- Det må leggest fram plan for tiltak for publikumskontroll og andre faste installasjonar på bakkeplan for godkjenning av Vestland fylkeskommune.
- Det må leggest fram vindlastberekningar som viser at skaltaket ikkje får uakseptable påkjenningar etter oppføring av nye bygningar.
- Det må leggest fram sikringsplan som viser at skaltaket ikkje vert råka av uhell i byggefasen.
- Tiltak for å kunne ta i bruk trapper og gangbrett skal godkjennast Vestland fylkeskommune
- Når arbeidet er ferdig, skal du sende inn dokumentasjon som viser korleis arbeidet er blitt utført, og det endelege resultatet.

Løyvet er gyldig i 3 år etter at du har motteke dette vedtaket.

Grunngjeving for vedtaket

Etter kulturminnelova § 15a kan departementet *i særleg tilfelle* gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegner for tiltak som ikkje medfører *vesentlege inngrep* i det freda kulturminnet. Fylkeskommunen/Sametinget er rette styresmakt til å vurdere om det skal givast dispensasjon, jf. forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven §§ 3 (4) og 4. Vestland fylkeskommune gjer følgjande vurdering:

Føremålet med fredinga er å sikre Odda smelteverk som eit industrielt kulturminne av internasjonal og nasjonal verdi:

«Føremålet med fredinga er å sikra eit industrielt kulturminne av internasjonal og nasjonal verdi. Fredinga av utvalde bygningar/ konstruksjonar på Smelteverkstomta har som føremål å taka vare på viktige fysiske minne. Desse representerer dels særlege teknologihistoriske verdier i anlegget og dels medverkar til å forklare den historiske tydinga og verksemda til anlegget som heilskap. I tillegg skal fredinga halde ved lag dei arkitekturhistoriske verdiane og den visuelle panoramaeffekten til smelteverksanlegget i bybilete.»

Fredinga omfattar eit utval bygningar med eksteriør, interiør og fast produksjonsutstyr, inkludert skaltaket med knuse- og omlastingsstasjon. Skaltaket vart reist i 1955-56 etter oppfinning og teikningar av ingeniør Olav Olsen. I ei tid med lite råmateriale var konstruksjonen fordelaktig. Råstoff til produksjonen vart ført hit i taubanen frå importkaia. Skaltaket heng saman med knuse- og omlastingsstasjonen. Her er laust og fast utstyr intakt langs sidene til skaltaket, under himlingen, i kjellaren, og i knuse- og omlastingsstasjonen. I fredingsvedtaket heiter det:

«Skaltaket peikar seg ut som eit viktig bidrag til norsk ingeniørkunst, som også, gjennom si størrelse og elegante form, er byggjekunst av høg rang. Samla sett gjev anlegget eit rikt bilete av hovudfasane i 1900-talets industriarkitektur generelt, og av betongarkitekturen spesielt.»

Skaltaket har slik sær stor opplevingsverdi og stor autentisitet- og kunnskapsverdi. Fredingsføresegnene gjev eit handlingsrom for tilpassingar som kan føre til ny bruk i bygningane:

«2. Det er ikkje tillate å byggje om konstruksjonane eller eksteriøret og interiøret til bygga. (Unnateke frå dette er eventuelle tilbakeføringar, jf. punkt 6.) I siloen på Importkaia, Skaltaket, Trefaseomn 3, Cyanamiden og Lindehuset er det likevel høve til å gjere tilpassingar til ny bruk, så framt dette ikkje i vesentleg grad reduserer kunnskapsverdiane og tek omsyn til opplevingsverdiane.»

Skaltaket har i dag ikkje regulær bruk. Sjølve skaltaket er i prinsippet eit kvelva og armert betongskal som står på frittstående støtter, og med endevegg og knuse- og omlastingsstasjon i sørenden. Fråværet av vegg, og med transportband, gangbrett og andre tekniske installasjonar, gjer det utfordrande å finne ny bruk utan store investeringar. Terrenget skrår inn mot golvet i sør, og her står vatn og søle i dag. Det er gjort sikringstiltak i søre trappehus for å halde folk ute. Utan vegg er skaltaket sårbar for hærverk og ulovleg opphald, trass sikringstiltak. Det meste av skaltaket står ope for været, og bevaringsforholda er samla sett svært dårlege. Det er avgjerande å finne ny bruk som kan bidra til å finansiere vedlikehaldet av bygningen.

Det vert søkt om oppføring av bygningar under skaltaket, og på ulike vis kople til og opne opp gangbrett under himling og trappehus i sørgavl. Det skal settast opp frittstående bygningar under den kvelva himlingen; bunnstasjon for fjellheis, driftsbygning med toalett, hotell, drivhus og

klatrehall. Det skal også settast opp utomhus klatrehall, badehus, installasjonar for publikumskontroll, o.a., under skaltaket.

For å få akseptable bevaringsvilkår for skaltaket er det nødvendig å finne ein ny bruk. Gjeve storleiken og eigenarten til skaltaket er bruk av bygningen særst utfordrande å få til, om det ikkje ligg føre kraftfulle prosjekt. Det ligg såleis føre eit særleg tilfelle. Det omsøkte tiltaket er eit resultat av samråding med Vestland fylkeskommune, etter at fleire løysingar har vore vurderte.

Dei materielle følgjene av tiltaket for skaltaket er små. Nye bygningar skal stå fritt frå den freda konstruksjonen. Enkelte stader krevst det mindre tilpassingar. Dette er ikkje skildra i søknaden, og det vert sett vilkår om framlegging av detaljplanar for dette.

Prosjektet har aktivitetar som mest retter seg mot tilreisande. Fjellheisprosjektet og hotellet med stort atrium vil trekke folkemengder inn under den veldige himlingen til skaltaket og formidle den banebrytande skaltakskonstruksjonen på ein framifrå måte. Utsynet frå gondolen over Odda smelteverk vil formidle heilskapen i anlegget og bybiletet til industristaden Odda. Prosjektet har også aktivitetar som mest er retta mot folk som bur i området, som klatrepark og drivhus. Slik kan prosjektet gjennom opplevinga av skaltaket og den industrielle arbeidsdagen stø opp om identiteten til innbyggjarane i lokalsamfunnet.

Sett utanfrå vil dei nye bygningane i stor grad innsnevre mykje av det gjennomsiktige preget skaltaket har i dag. Då skaltaket var operativt var det høge haugar med råstoff under og ut forbi himlingen, og kring skaltaket sto det ei rekke store bygningar som nesten heilt skjulte det, som kalkovn 1 og 2 og priestomn. Tidlegare framlagt skisseprosjekt til fjellheisprosjektet var for omfattande, og det har vore arbeidd med å finne balansen mellom tomt og fylt skaltak. Det omsøkte prosjektet «revidert skisseprosjekt» fyller igjen rommet lengst mot sør, og er meir ope i nord.

Vestland fylkeskommune vurderer at opplevinga av skaltaket er teke omsyn til og ikkje vert vesentleg forringa etter tiltaket. Gjennom aktivering av det store formidlingspotensialet knytt til skaltaket aukar opplevingsverdiane til Odda smelteverk og industristaden Odda som heilskap.

Enkelte moment er ikkje skildra i søknaden. Det manglar mellom anna vindlastberekningar, detaljteikningar, utgreiing av påkobling til freda bygg, og tilrettelegging av uteområda. Det er også uklart korleis fjellheisen skal fundamentast utan å treffe den underjordiske produksjonslina. Søknaden er god nok til at den kan takast stilling til, men det vert etter ein gjennomgang av søknaden sett vilkår om at desse momenta må godkjennast av Vestland fylkeskommune, jf. ovafor.

Bruksverdien til skaltaket vil auke stort. Vestland fylkeskommune ser at det omsøkte prosjektet er av det formatet som skal til for å sikre bevaringsforholda til skaltaket gjennom ny bruk. Andre former for ny bruk i dette formatet har vist seg utfordrande å finne fram til no. Tiltaket råkar skaltaket marginalt materielt sett, kunnskapsverdiane endrast berre i ubetydeleg grad. Opplevingsverdiane vil etter vurderingane ovafor verte om lag uendra for skaltaket, og vil auke for Odda smelteverk og for industristaden Odda som heilskap.

Samla sett er tiltaka ikkje vesentlege, og er ikkje i konflikt med fredingsformålet. Dei nasjonale og internasjonale kulturminneverdiane til skaltaket er oppretthaldne og styrka ved tiltaka. Ny bruk som hotell, fjellheis o.a. vil betre bevaringsforholda for skaltaket vesentleg, og har potensiale til å utløyse ytterlegare aktivitet i området. Dette aukar sjansane for at andre freda og verneverdige bygg i nærområdet vil kunne finne ny bruk.

Etter ei samla vurdering godkjenner vi søknaden om tilrettelegging for fjellheis, hotell, klatrehall, drivhus, m.m., under skaltaket, som vist i «revidert skisseprosjekt» innsendt 8.november 2021 med vedlegg, på dei vilkår som er nemnt.

Forholdet til anna lovverk

Dersom tiltaket krev løyve etter anna lovverk, må søkjaren sørgje for dette før tiltaket kan gjennomførast. Det kan for eksempel vere aktuelt for tiltak som er søknadspliktige etter plan- og bygningslova § 20-1.

Du kan klage på vedtaket

Du har rett til å klage på vedtaket. Fristen for å klage er 3 veker frå du har motteke dette brevet, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klaga skal stilast til Riksantikvaren, som er klageinstans, men sendast til oss, gjerne på e-post til post@vlfk.no. Dersom vi ikkje gir deg medhald, sender vi klaga til Riksantikvaren, som avgjer saka med endeleg verknad.

Har du spørsmål?

Har du spørsmål, kan du kontakte saksbehandlar [Ole Vegard Skauge, 992 91 827](mailto:Ole.Vegard.Skauge@vlfk.no), ole.vegard.skauge@vlfk.no

Med helsing

David Aasen Sandved
seksjonssjef

Eva Moberg
fagleiar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ULLENSVANG KOMMUNE Opheimsgata 31

RIKSANTIKVAREN Postboks 1483 Vika